



Søre Sunnmøre reinhaldsverk
Smårisevadet 20
6065 ULSTEINVIK

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS - Ulstein kommune. Oversending av løyve til å ta imot, sortere og mellomlagre ordinært avfall samt EE-avfall

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ferdigbehandla søknaden om nytt løyve, og har vedtatt å gi løyve til verksemda etter forureiningslova på visse vilkår. Løyve med vilkår er vedlagt.

Verksemda vil bli pålagt gebyr for sakshandsaminga.

Vi viser til søknad av 27.06.2016 om nytt løyve. Dette løyvet erstattar tidlegare løyve av 26.11.1998.

Vedtak

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir med dette Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall. Løyvet er gitt med heimel i *lov om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) av 13.03.1981 § 11, jf. §§ 16 og 29. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ved avgjerda om løyve skal bli gitt eller ikkje, lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket saman med dei fordelar som tiltaket elles vil medføre. Løyvet med vilkår er vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg saksbehandling og forsvarleg utreiing av saken. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ønskjast gjennomført.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, har verksemda plikt til å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova samt forskrifter som er heimla i desse lovene. Løyvet til forureinande verksemd gir ikkje fritak frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

All forureining frå verksemda er i utgangspunktet ikkje ønska. Sjølv om utsleppa blir haldne

innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår er satt grenser for. Verksemda skal vere spesielt oppmerksom på eventuell fare for utslepp av stoff på prioritetslista. Utslepp av desse stoffa er berre lov om dei er så små at dei er utan miljømessig betydning.

Bakgrunn

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS har søkt om løyve til å ta i mot, sortere og mellomlagre ordinært avfall på eigedom gnr. 25 bnr. 393/301/248/266 i Ulstein kommune. Verksemda har drive avfallsmottak i området sidan 1980, og dette løyvet skal erstatte løyve av 26.11.1998. Mottak av farlig avfall på anlegget regulerast av avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 3.

Beskriving av resipientforhold

Oljeholdig avløpsvatn leias inn på kommunalt nett.

Nærmaste bustad ligg om lag 200 meter frå verksemda i luftlinje.

Tiltakets miljøpåverknad

Det som kan vere vesentlege miljøpåverknader er lista opp under.

Utslepp til vatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp til vatn, med unntak av oljeholdig avløpsvatn og overvatn som leiest via sandfang og oljeutskiljar til kommunalt nett.

Støy

Verksemda har store køyretøy og maskiner som saman med handsaming av konteinarar kan føre med seg støyande aktivitet.

Støv og forsøpling

Sortering og generell handsaming av avfall kan, sjølv om det skjer innandørs, skape støv og flygeavfall i området rundt verksemda.

Saksgong

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS har drive avfallsmottak på området i mange år, og det søkast ikkje om store endringar i forhold til dagens drift. Dette blir ei mindre endring som ikkje vil medføre vesentleg ulempe i omgivingane. Sidan det gamle løyvet er frå 1998 blir det gitt eit nytt løyve på dagens form i staden for å revidere det gamle. Søknaden er ikkje lagt ut til offentleg høyring.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal si vurdering

Verksemder som tar i mot og mellomlagrar avfall som kan medføre forureining eller som kan virke skjemmaende, må ha løyve frå forureiningsmyndigheitene. Dette er heimla i forureiningslova § 29. Det betyr at mottak, sortering og mellomlagring av avfall ved Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS er regulert gjennom dette regelverket.

Alle avfallsfraksjonar skal tas i mot, sorterast og lagrast innandørs på tett dekke. Dette kravet hindrar utslepp til grunn. I sorteringshallen er det sluk i golvet knytt til oljeavskiljar. For å hindre uønskte utslepp til vatn er det viktig med god mottakskontroll, og at spyling med vatn ikkje er primær reingjeringsmetode under normal drift. Dette for å unngå utslepp av forureina vatn og at det oppstår emulsjonar i oljeutskiljaren. Primær reingjeringsmetode bør vere feiing, kor oppsamla materiale tømstast saman med restavfall til forbrenning. Alt vatn som forlèt verksemdas område har passert sandfang og oljeutskiljar før påslipp til kommunalt nett.

Verksemda tek i mot og mellomlagrar avfall som kan gi luktproblematikk. Det er i løyvet satt grenser for maksimal lagringstid for å redusere luktulempene. Verksemda må i tillegg risikovurdere faren for lukt, og eventuelt sette inn tiltak dersom det oppstår luktproblematikk.

Det nyttast store anleggsmaskiner, lastebiler, og det flyttast på konteinrarar i den daglege drifta. Dette er støyande aktivitet, men verksemda er plassert slik at dette truleg ikkje vil utgjere noko støyproblem for naboar. Det er satt støykrav til verksemda under punkt 4 i løyvet.

Kravet om at alt mottak, sortering og mellomlagring av avfall må skje innandørs skal hindre forsøpling. Det vil og hindre at regnvatn reduserer kvaliteten på avfallet og fører til utslipp av forureina vatn.

For alle saker som angår naturmangfald, følgjer det av *lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfaldlova) av 01. juli 2009 § 7 at prinsippa i §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer når avgjerder skal takast, det vil her seie om løyve til mottak, sortering og mellomlagring kan bli gitt. Det er gjort søk i www.naturbase.no (20.12.2016) utan å finne nokre registrerte artar eller naturtypar av særskilt interesse innan en 500 meters radius til verksemda. I denne saken vurderer Fylkesmannen i Møre og Romsdal at tiltaket ikkje vil kunne påverke naturmangfaldet, og at en vidare vurdering difor ikkje er nødvendig. Vi kan ikkje sjå at mottak, behandling og mellomlagring innandørs på eit allereie etablert avfallsmottak og med dei vilkår som er satt vil kunne påverke naturen rundt, verken direkte eller indirekte.

Saka skal og vurderast etter *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), som fastsett miljømål for vassførekomstar og inndeler vassførekomstar i fem tilstandsklassar. Miljømåla i vassforskrifta §§ 4 - 6 går ut på at tilstanden i vassførekomstane skal sikrast mot forverring, og styrkjast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom utsleppet til resipienten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ein forverring. Miljømåla skal nås, og forverring er ikkje lov med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta n § 12. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har derfor vurdert om krava i vassforskrifta er til hinder for å gi løyve etter forureiningslova. Verksemdas mottak, behandling og mellomlagring av avfall skal i utgangspunktet gi minimale utslepp til vatn. Verksemda har sluk i sorteringshallen som er tilknytt oljeavskiljar og sandfang, samt fleire sluk i asfaltdekket utandørs, deriblant på vaskeplassen for bilar. Alt avlaupsvatn går til kommunalt nett. Det er krav om oljeutskiljar og sandfang for avlaupsvatnet, med krav til

maksimalt oljeinnhald og suspendert stoff i vatnet ut frå verksemda. Tiltaket er derfor vurdert til å gi minimalt med utslepp til vatn, og vassforskrifta er vurdert til ikkje vere til hinder for å gi løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at tiltaket det er søkt om vil gi større miljømessige fordeler enn dei ulemper tiltaket medfører. Ved riktig handtering av avfall i tråd med vilkåra i løyve, vil det å ta i mot, sortere og mellomlagre ordinært avfall ikkje kunne påverke det ytre miljø.

Konklusjon

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir løyve til å ta i mot, sortere og mellomlagre ordinært avfall samt EE-avfall på fastsette vilkår. Vilråra som er satt i løyve vil bidra til at mottak, sortering og mellomlagring av avfallet ikkje vil medføre nemneverdig forureining.

Risikoklasse

Verksemda plasserast i risikoklasse 3 grunna det generelle forureinings- og forsøplingspotensialet. Risikoklassen har betyding for tilsynsfrekvensen.

Gebyr

Fylkesmannens handsaming av søknadar om nytt løyve er omfatta av ei gebyrordning. Arbeidsmengda knytt til skriving av nytt løyve svarar til handsaming av eit nytt løyve etter gebyrsats 6. Verksemda skal betale eit gebyr på kr. 19 700,- for vår handsaming av søknaden, jf. *forskrift om begrensning av forurensning* av 01.06.04 kapittel 39.

Miljødirektoratet vil ettersende faktura med innbetalingsblankett. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato.

Klage på vedtaket

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka. Ei eventuell klage skal angi kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga bør grunngjevast, og andre opplysningar som har relevans for saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett. Miljødirektoratet eller Miljøverndepartementet kan etter oppmoding eller av eiga tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å vende seg til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Andre opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av relevans for saka vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal også kunne gje etter førespurnad.

Offentliggjøring av løyvet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil kunngjere vedtaket på sine nettsider www.fylkesmannen.no/mr. Løyvet vil og være tilgjengelig på nettstaden www.norskeutslipp.no. Kopi av dette brevet med vedlegg er sendt til Ulstein kommune.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Magnus Tornes
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall samt EE-avfall for Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS i Ulstein kommune

Kopi:

Ulstein kommune Pb. 143 6067 ULSTEINVIK



Løyve til mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall samt EE-avfall for Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS i Ulstein kommune

Løyve er gitt i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11 jfr. §§ 16 og 29. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 6.

Dette løyvet erstattar følgande løyve: 1998.0516.T
Løyvet gjeld frå 10.01.2017.

Verksemda må på førehand avklare skriftleg med Fylkesmannen endringar den ønsker å gjere i forhold til opplysningar som blei gitt i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessege betydning.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan 4 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal bedrifta sende Fylkesmannen ei utgreiing om verksemda sitt omfang slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Bedriftsdata:

Bedrift	Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS		
Stad/gateadresse	Saunesmarka		
Postadresse	6065 Ulsteinvik		
Kommune	Ulstein		
Organisasjonsnummer (bedrift)	974747464		
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6915540 aust: 338840		
Gards- og bruksnummer	25/393, 301, 248 og 266		
NACE-kode og bransje	38.110 - Innsamling av ikke-farlig avfall		
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer	Risikoklasse ¹
2007/1471	1516.0045.01	2017.0022.T	3

Løyve gitt: 10.01.2017	Endringsnummer: -	Sist endra: -
Anne Melbø fagansvarleg	Magnus Tornes overingeniør	

Dokumentet er elektronisk godkjend og har ingen signatur.

¹ Miljømyndigheitane system for berekning av tilsynsfrekvens under normale forhold, der 1 er høgaste klasse og 4 er lågaste.

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall samt EE-avfall. Løyvet er basert på eit årleg mottak av **inntil 10 500 tonn** ordinært avfall, og **inntil 250 tonn** EE-avfall.

Avfallet skal utan unødig lagring sorterast og leverast vidare så snart passande transportvolum er nådd. Tabellen under viser maksimal tillate lagringstid for dei ulike fraksjonane.

Type avfall	Maksimal lagringstid
Restavfall	1 veke
Grovavfall	1 veke
Trevirke	12 månader
Papp/papir/kartong og drikkekartong	6 månader
Plast	6 månader
Glas	6 månader
Metall	6 månader
EE-avfall	12 månader
EPS	6 månader

Dersom det periodevis vil oppstå behov for lengre lagringsperiodar, må det utarbeidast eigne planar for dette som omfattar skildring av avfallsmengder og -typer, tidsrom, tiltak for å hindre forureining med vidare. Slik lagring må klarerast med forureiningsmyndigheita på førehand.

1.1 Krav ved mottaket

Alt mottak, sortering og mellomlagring av avfall skal skje innandørs på tett dekke.

Sorteringsanlegget skal ha system som sikrar at kjeldesortert avfall tilfredsstillar krav som følgjer av etablerte ordningar for materialgjenvinning av avfall, energigjenvinning i ulike forbrenningsanlegg eller deponering, jf. vedlegg II til kapittel 9 i avfallsforskrifta. Dersom det blir oppdaga ulovleg avfall inn til anlegget, må dette sorterast ut og underleggast ei forsvarleg miljømessig handtering. Avfallet kan enten returnerast til leverandøren eller så raskt som muleg sendast vidare til godkjent mottak. Leverandøren skal varslast om feilleveringa.

1.2 Kunnskap om avfall

Bedrifta skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall, slik at det ikkje oppstår utslepp eller fører til skader på miljøet.

1.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva for typar avfall som er tillate å levere til anlegget.

2 Utslepp til vatn

2.1 Generelle vilkår

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall ikkje fører til forureinande utslepp til vatn ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp.

Sanitært avløpsvatn skal ledast til kommunalt nett og behandlast etter dei krava som kommunen stiller.

2.2 Oljehaldig avløpsvatn frå sorteringsflate, lager, spyle- og vaskeplassar, verkstader og liknande

Alt oljehaldig avløpsvatn frå vask av bilar, tankar etc., samt eventuell avrenning frå sorteringsflate skal reinsast i sandfang og oljeavskiljar som er dimensjonert etter største belastning. Nedstrøms for oljeutskiljaren skal det vere ein inspeksjons- og kontrollkum som gir moglegheiter for å ta prøver av avløpsvatnet utan at det er nødvendig å stige ned.

Avløpet skal ledast til kommunalt nett og behandlast etter dei krava som kommunen stiller.

2.3 Avgrensingar av utslepp

Oljekonsentrasjonen i utsleppet frå oljeutskiljaren skal ikkje overstige 50 mg/l.

3 Utslepp til luft

3.1 Generelle krav

Bedrifta skal sørge for at handteringa av avfall ikkje fører til forureinande utslepp til luft gjennom avdamping ved søl og lekkasjar og andre liknande diffuse utslepp. Nødvendige tiltak må gjennomførast slik at det ikkje oppstår sjenerande lukt i omgivnaden frå lagra avfall.

3.2 Støv

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

4 Støy

4.1 Avgrensing av bedrifta sitt støybidrag

Bedrifta sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden:

Hverdager	Lørdager	Søn- og helligdager	Kveld (kl. 19-23), hverdager	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-veiet ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-veiet ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

Lnight er A-veiet ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

LAFmax er A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene innenfor perioden, målt/beregnet med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Støygrensene gjeld all støy frå bedrifta si ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av avfall. Støy frå midlertidig bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

5 Nærmiljø

Konsesjonshavar plikter å alltid halde sorteringsanlegget og området i kring, medrekna næraste tilførselsvegar i orden og frie for forsøpling. Ryddeaksjonar skal gjennomførast etter behov.

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

For å hindre åtkomst for uvedkommande skal området være gjerda inne og ha port. Porten skal vare stengd utanfor verksemdas opningstider.

6 Beredskap mot akutt forureining

6.1 Førebygging av akutte utslepp

Bedrifta har plikt til å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt avgrense, risikoen for akutte utslepp. Tiltaka skal vere basert på systematisk gjennomgang av bedrifta si verksemd. Dette gjeld også bedrifta sin oljeutskiljar.

6.2 Beredskapsplan

Det skal lagast ein beredskapsplan med handlingsplan for tiltak ved mulege hendingar som brann, tilføring av ulovleg avfall, akutt forureining eller andre uventa hendingar som kan ha følgjer for miljøet.

6.3 Varslingsplikt

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med "*Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining*". Verksemda skal og så snart som råd underrette Fylkesmannen i slike høve. Dette skal vere skildra i bedrifta sitt internkontrollsystem.

7 Vidare undersøkingar og utgreiingar

7.1 Undersøkingar og utgreiingar

Fylkesmannen kan seinare krevje at nødvendige undersøkingar for å kartlegge utslepp til vatn, støy eller avfallsbehandling blir gjennomført. Utgifter til slike undersøkingar skal dekkast av eigaren.

7.2 Systematisk risikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein systematisk risikoanalyse, der det blir fokusert på potensielle kjelder til forureining av det ytre miljøet. Utgreiinga skal ligge til grunn for bedrifta sin beredskap jf. 6.2 og aktuelle kapittel i internkontrollsystemet jf. 8.1.

8 Internkontroll med vidare

8.1 Internkontroll

Bedrifta har plikt til å ha eit internkontrollsystem som er oppdatert til ei kvar tid.

8.2 Halding av grenseverdier

Fastsette grenser for utslepp til vatn og for støy skal haldast innanfor dei oppgitte midlingstidene.

Bedrifta har plikt til, så langt som muleg, å hindre unormale driftstilhøve som gjer at utslepp over grensene oppstår, og til å redusere eller innstille drifta under slike tilhøve dersom det elles ville oppstå vesentleg større utslepp enn det som er normalt.

Bedrifta skal snarast varsle Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan gje opphav til forureining. Det skal også varslast om gjeldande grenser ikkje blir haldne.

9 Målingar av utslepp, rapporteringar

9.1 Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 3. Plasseringa i risikoklasse har betydning for tilsynsfrekvensen. Risikoklasse 3 gir tilsyn om lag kvart 4. år.

9.2 Måling av utslepp og rapportering til forureiningsmyndighetene

Bedrifta skal gjennomføre kontrollmålingar av oljeinnhaldet i utsleppet frå oljeutskiljaren. Føremålet med målingane er å dokumentere at dei krava som er gitt, blir haldne. Bedrifta sin kontroll av eigne utslepp skal vere kvalitetssikra. Målingane skal gjennomførast minst 4 gonger i året, ein gong pr. kvartal. Målingane skal gjerast **før** tømning, og skal vere ein del av bedrifta sitt internkontrollsystem.

Verksemda skal årleg utarbeide ei avfallsoversikt som gjer rede for mengde avfall som er:

- Lagra ved årets begynnning (01.01)
- Mottatt
- Sendt vidare
- Lagra på verksemdas område ved årets slutt (31.12)

I tillegg skal rapporten:

- Samanstille resultata frå målingane frå oljeutskiljar
- Gjere rede for eventuelle avvik

Rapporten skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal årleg innan 1. mars. Skjema for rapporteringa finnes på <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Om-oss/Skjema/> fram til det blir tilgjengeleg på Altinn.

Verksemda skal og kunne dokumentere at utsleppet frå oljeutskiljaren ikkje er forureina med prioriterte stoff, jf. *vedlegg 1* i dette løyvet. Utførte målingar av relevante prioriterte stoff skal kunne dokumenterast.

9.3 Journalføring

Det skal først **dagleg oversikt (loggbok)** over kva slags avfall og kva for mengder som blir mottatt og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje **på vekt**. Av loggboka skal det gå fram mengder og leveringsstader for utsorterte avfallsfraksjonar. Likeins skal mengder og mottaksanlegg for restavfallet vere oppgitt.

9.4 Miljøovervaking

Bedrifta skal bidra til alle relevante miljøovervaksingsprogram som blir drivne på industriområdet.

10 Utskifting av utstyr

Dersom verksemda skal foreta ei vesentleg utskifting av utstyr som gjer det teknisk muleg å motverke forureiningane på ein vesentleg betre måte enn da løyvet blei gitt, skal den ansvarlege på førehand gi Fylkesmannen melding om dette, jf. § 19 i forureiningslova.

11 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir langt ned eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand sendast melding til Fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal mottaket sørge for at lagra avfall med vidare blir tatt hand om på ein forsvarleg måte (jf. avfallsforskrifta). Dei tiltaka som blir treft i samband med dette, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av restar av avfall og namn på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

Dersom ein ønskjer å ta opp igjen verksemda, skal det sendast melding til oss i god tid før planlagt oppstart.

12 Inspeksjonar

Bedrifta har plikt til å la representantar for forureiningsmyndigheita, eller dei desse gir mynde, inspisere anlegga til ei kvar tid.

VEDLEGG 1 : Liste over prioriterte miljøgifter, jf punkt 2.1.

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyve om dei er så små at de må ansjås å vere utan miljømessege betydning.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklorbenzen	TRI
Trikloran (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorete organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	(PFOA)
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5